

# DESEMBER

Hei og hå nå er det jammen snart jul igjen! Me skriv snart 1. desember 2017- tida går jammen fort! Det blei dessverre ikkje noko snø på oss i november så me tar med oss håpet om minusgrader og snø ut i desember. Me ynskjer oss ei kvit Jul.

Dagane i barnehagen er kjekke, me har gjort mange kjekke ting i november og ser fram til mange kjekke og spennande opplevingar i desember! Me går snart inn i adventstida og tenner det første lyset søndag 3. desember. I ventetida fram til jul har me felles adventsamling på måndagar klokka 9.00. Me dramatiserer, syng og koser oss saman.

## 6. Desember: Nissefest FAU.

FAU arrangerer til stor glede for store og små Nissefest i barnehagen. Sjå eigen info på døra i barnehagen og på SMS sendt til alle foreldre. Alle er hjerteleg velkomne ☺

## 13. Desember: Luciadagen.

Gledesspredarane drar til sjukeheimen for å spreie glede til dei eldre, dei skal synge luciasongen og andre julesongar i tillegg til å dele ut lussikattar som dei sjølv har laga. Resten av barnehagen skal være igjen i barnehagen å feire lucia her med song, luciatog og lussikattar!

## 15. Desember: Julegudsteneste i kyrkja for B-Gjengen og gledesspredarane.

På julegudstenesta skal dei få delta på julevandring. Dette brukar å være ei kjekk og spennande oppleving for store og små. Me tek med oss mat og koser oss på turen!

## 20. Desember: Julebord i barnehagen.

Kontoret lager til julebord for barn og vaksne i Bjorhaug barnehage. Denne dagen kan barna kle seg litt fint eller kle seg som nissar- det er opp til den enkelte! Det vert servert **VELDIG** god middag og riskrem med rød saus til dessert. Litt underhaldning har me og på lager ☺ Me gler oss!!

Me minner om VARME og TØRRE klede i korgene - sjekk korleis det er i ditt barn si korg ☺

**YNSKJER DYKK ALLE EIN FLOTT FØRJULSMÅNAD OG  
EI NYDELEG JULEHØGTID!**



Telefon:

Topphaugen: 488 64 815

Haugen: 488 64 813

Litlehaugen: 488 64 814

Kontoret: 51 43 22 91



## HELSEINGER FRÅ AVDELINGANE

### TOPPHAUGEN

For ein våt månad me har hatt!! Masse regn, demningar og elver har vorte konstruerte, me har hoppa i regn, laga sorpekaker og blitt skikkelig våte! Då er det godt å kome inn att og få på tørre klede, pakke seg inn i eit teppe eller finne fram ei bok eller eit spel.

Gledesspredarane:

- Yoga er noko me gler oss til, og me skal fortsetje med dette ut desember.
- Besøkte Jærmuseet og fekk sjå «Kravlande kryp» - Tarantella, kakerlakkar, tusenbein og Pinnedyr – så spennande!!
- Tur til Sjukeheimen der me song og gjorde ein fin innsats for å glede dei gamle.

B-gjengen:

- Hinderløype inne var ein stor suksess! Me ville ikkje stoppe, og me ser at dei framleis lager små hinderløyper på eige initiativ.
- Fine turar til Jærmuseet, der me har gått i «Myra», helst på dyra på garden, møtt Fjøsningen, og hoppa i høyet. Alltid gildt å kikke på Her Kakerlakk og Fru Tarantella – men no er dei reist tilbake til Akvariet i Bergen.
- Måling av forskjellige ting i skogen, leita etter bokstaver og tall på tur, vore på Biblioteket.
- Me Trivselsagentar gjer ein god jobb med å vere gode vennar, inkludere og hjelpe både store og små i barnehagen.

Foreldrecaffien var kjempekoseleg – og me vil takke alle foreldre og søsken som kom innom denne dagen. Triveleg å ha lag med dykk.

Då ynskjer me dykk alle saman ei fredeleg adventstid – og ei god jul!

Alle oss på Topphaugen!

## HAUGEN

November har bydd på mange opplevingar og erfaringar på Haugen, me har starta ny dagsrytme med samling klokka 9.00, nokre gonger i primærgruppene og andre gonger felles. Me har nå hatt den siste veka for året med DAGENS BARN. Det er fantastisk å sjå ungane dykkar stå fram for dei andre og by på den dei er. MAGISK☺ Etter samling har me stort sett delt oss i primærgruppene og me ser at med dette får barna lengre stunder til leik eller andre aktivitetar som for eksempel julegåvelaging☺ Me deler opplevingar på gruppene som me hentar opp igjen i gode samtalar blant anna ved måltida.

Me har og vore på fleire kjekke turar til Jernbaneskogen og hestane på Møllerhaugen, barna trivs godt i naturen.

Gledesspredarane (4-åringane) har vore på turar til Hå sjukeheim og til Jærmuseet, me gler oss alt til neste tur ut i bygda vår.

Elles vil me takka for oppmøte på foreldrekaffien, det er alltid kjekt å samlas og få visa fram litt av det me driv med i barnehagen. Det same gjeld utviklingssamtalane, det er godt å få setta av tid til ein god samtale om dei flotte ungane dykkar som me er så heldige å få ha i vår omsorg i kvardagen og samarbeidet med dykk er avgjerande for at dei skal ha det best mogleg i barnehagen.

## LITTLEHAUGEN

I november har me blant anna hatt sanseløype i skogen har me skreve på planen. Me har vore inne med enkelte av desse postane- smak & hørsel og lukt & følelsesansen. Ute har me utfordra balansesansen, likevekstsansen og muskel- og leddsansen. Målet med dette var blant anna og gje barna mulighet til å sanse og oppleve gjennom kroppslig mestring, glede og få førstehåndserfaringar. Eit anna mål var språksetjing av følelsar og opplevingar knyta til aktiviteten.

Vidare har me leika og utforska med vatn og plastikk ballar i basseng (som leikerommet på ikea). Turar til hestane har me og hatt. Mange begeistra blick og gode utspel også her.

Me vil og takka dykk for flott oppmøte på foreldrekaffien- DE er supre! Mange begeistra blick, lydar og ord i denne stund.

Elles har me hatt mange gode stunder i samlingar, formingsarbeid, måltid, påkledning, leik inne og ute med meir med desse flotte gode ungane dykkar! Gler oss til mange fleire

Helsing Solveig, Ida, Hilde og Tanja

